

Årsmelding Herand Vasslag S/A 2020

Styret si samansetning: Leiar Terje Grøtt, nestleiar Olav Håvik, sekretær Reidun Haugen Dalseth, styremedlemmer Hans Magnar Samland og Jon Olav Haavik.

Styremøter: Det har vore 7 styremøter i perioden.

Ekstraordinært årsmøte: Viktigaste sak var spørsmålet om framtidig drift eller kommunal overtaking. Torstein Backer-Owe orienterte om prosessen som skulle til for å få til kommunal overtaking, og kva det ville medføra av kostnad. Storforbrukarar som bøndene ville få størst kostnadsauke. På grunn av påvist mangan i vatnet frå brønnen, hadde styret samla seg om å anbefala inntak frå elv. Torstein Backe-Owe bekrefta at det er vanskeleg å reinsa mangan. Grunneigarane ynskte inntak i elv. Årsmøtet sa seg einig i val av inntak frå elv utan vidare diskusjon.

Resultat av spørsmålet om kommunal overtaking: Av 43 stemmer, stemnde 21 for nedlegging av vasslaget og kommunal overtaking og 22 for framleis privat drift. Det krevst 2/3 fleirtal for at ein skal leggja med Vasslaget, dermed vart resultatet vidare privat drift.

Val av byggenemnd: Sigbjørn Haugen- leiar, Terje Grøtt, Sigmund Eiken.

Erstatning frå Herand Kraft

Etter forhandlingar var resultatet at Herand Vasslag fekk ei erstatning på kr.1.574.062.- I tillegg betaler Herand Kraft for årleg straumforbruk til det nye reinseanlegget tilsvarande 1 einebustad, ca 20000 kwh. Dei har også betalt straumutgifter til brønnpumpa i anleggsperioden. I tillegg har dei refundert ein del timar som Olav H har hatt med tilsyn av brønnpumpa, og Herand Vasslag har overteke vederlagsfritt konteiner med pumpe o.a. ved brønnen i Trå.

Avtalen vart forhandla fram av Olav Håvik og Kjell Olav Samland og vart godkjent av styret før undertekning.

Vasskvalitet

Det er teke jamlege vassprøver både frå brønnvatn og elv. Det er sendt ut kokevarsel 2 gonger på grunn av bakteriar. **Vi vil minna om at før det vert utbygd reinseanlegg kan ikkje Herand Vassverk garantera reint vatn til alle tider. Alle andelshavarar er deleigarar i Herand Vasslag og styret kan ikkje ta på seg spesielt ansvar for eventuelle helseplager. Er de i tvil, må vatnet kokast.** Det er oppretta ei Facebookside. Vi oppmodar alle til å fylgja med, og gje melding om det er noko som må takast tak i.

Reperasjon og vedlikehaldsarbeid

Lekkasjar er eit stort problem. Lekkasjar på leidningen til Hanne Hesthamar og til Osen og i Sævare er reparert. I tillegg har det vore tetta på sjøleidningar til Plasset, Holmen og Valland. Forbruk gjekk då med frå 500 til 280 m³ pr døgn. Men enno er det for mange lekkasjar. Tre rydda ved inntak. Kumme ved Sendingsbekken reparert, men treng skiftast.

Andelshavarar: Ein ny er lagt til i perioden og pr 31.12.2020 er det 161 andelar i i Herand Vassverk.

Arbeid i samband med nytt vassverk

Grøft frå Trå til Kalvafossen til røyr og trekkerøyr blei utført av GBS for kr. 500 000 billigare enn budsjett. Ny vassleidning frå Trå til tomt for høgdebasseng er lagt, og det er laga veg til tomta. Byggenemnda har i samarbeid med COWI innhenta anbod frå tre tilbydarar for reinseanlegg. Vi viser til eiga orientering frå byggenemnda om anbefaling og vidare framdrift.